Utdanningsforbundet

Årsmøte 2025

Utdanningsforbundet Alver

Protokoll

bankID SIGNERT: 02.04.2025
Fimland, Malene

bankID SIGNERT: 02.04.2025
Haaland, Grethe Hildegunn Mid...

Utdanningsforbundet

Opning ved *lokallagsleiar*

Sak 1 Konstituering

1.1 Godkjenning av innkalling

Kunngjering av årsmøtet og førebels sakliste vart sendt ut per mail 7.januar 2025.
Innkalling og årsmøtedokument vart sendt ut 11.mars 2025.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Innkallinga vert godkjend

Vedtak: Innkallinga vart godkjend.

1.2 Val av dirigentar/møteleiarar

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Aashild Halland og Ola Karstein Feste vert valde som dirigentar/møteleiarar.

Vedtak: Aashild Halland og Ola Karstein Feste vart valde som dirigentar/møteleiarar.

1.3 Val av referent

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Beate Rørdal og Linda Granberg Nilsen vert valde som referentar.

Vedtak: Beate Rørdal og Linda Granberg Nilsen vart valde som referentar.

1.4 Sakliste

Sakliste:

1. **Konstituering.**
2. **Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret.**
3. **Retningsliner for arbeidet i Utdanningsforbundet Alver i kommande årsmøteperiode.**
4. **Budsjett.**
5. **Innmelde saker.**
6. **Val.**

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Saklista vert godkjend

Vedtak: Saklista vart godkjend.

1.5 Val av protokollunderskrivarar

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Malene Fimland og Grethe M. Haaland vert valde som protokollunderskrivarar.

Vedtak: Årsmøtet valde Malene Fimland og Grethe M. Haaland som protokollunderskrivarar.

1.6 Godkjenning av møtereglement

Samansetninga av årsmøtet, jf. punkt 2 i Retningslinjer for årsmøte i lokallag - allmøte
Dirigentane / møteleiarane opnar og leier møtet.
Årsmøtedeltakarar som ønskjer ordet, melder frå om dette ved å rekkja opp handa.
Taletida er avgrensa til tre minutt. Replikkar eitt minutt. Saksinnleiarar og medlemmar frå lokallagstyret kan få ordet utanom talarlista for å svara på spørsmål eller gje saksopplysningar.
Dirigentar og delegatar kan komma med framlegg om meir begrensa taletid eller at strek vert sett. Slike framlegg skal straks takast opp til røysting.
Årsmøtedeltakarar som bed om ordet til dagsorden, saksliste eller saksopplysning, får ordet straks og har maksimum eitt minutt taletid.
Framlegg i saker skal leverast av den som kjem med framlegget.
Alle framlegg skal vera leverte skriftleg og gjort kjende før ein set strek.
Nye framlegg kan ikkje fremjast i ei sak etter at strek er sett.
Ved votering er framlegget som får flest røyster vedteke. Dersom framlegg får like mange røyster, trekkjer ein lodd.
Personval vert regulert av valreglementet.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Møtereglementet vert godkjent.

Vedtak: Årsmøtet godkjende møtereglementet.

1.7 Godkjenning av valreglement

Vala gjeld for eitt eller to år med verknad frå 1. august 2023.
Alle val er skriftlege bortsett frå val i konstitueringssaka.
Dirigentane kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open votering, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomitéen, og det ikkje er forslag.
Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane som er foreslått og som har sagt ja til å stille. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta. Kandidatar som er foreslått, er:

1. Forslag frå valkomitéen (verv i styret og hovudtillitsvalde) og forslag frå lokallagsstyret (verv i lokal valkomité)
2. Kandidatar som er foreslått av deltakarane på årsmøtet

Blank stemmesetel blir rekna som nytta stemme.
Ved likt røystetal mellom to kandidatar i omval, vert det avgjort ved loddtrekning. Dersom det vert halde omval mellom tre eller fleire kandidatar der den med færrast røyster skal ut, vert det også avgjort ved loddtrekning ved røystelikskap.
Desse skal veljast på lokallagsårsmøtet: Leiar i lokallagsstyret, nestleiar, andre styremedlemmer, varamedlemmer til lokallagsstyret, og valkomité for kommande periode.
I tillegg må lokallagsårsmøtet velje delegatar og varadelegatar til fylkesårsmøtet, samt nominere til verv i fylkeslaget.

Gjennomføring av vala på årsmøtet
Vala vert gjennomført i den rekkefølgja som vert gitt nummerert nedanfor:

1. Val av lokallagsleiar. Den kandidaten som får meir enn halvparten av stemmene, er vald. Om ingen av kandidatane får meir enn halvparten av stemmene, skal det haldast omval. Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lågast stemmetal ut. Nytt val vert halde mellom dei kandidatane som står att. Dette prinsippet blir følgt til berre to kandidatar står att. Ved omval mellom dei to kandidatane, vert den som får flest stemmer vald.

   Skulle det ikkje vere mogeleg å skilje to kandidatar med omval, vert valet avgjort ved loddtrekning.

2. Val av nestleiar i lokallaget (plenum) etter same valregler som i punkt 1.
3. Val av rett tal av andre medlemmer til lokallagsstyret etter gjennomførte val av leiar og nestleiar. Gyldig stemme er enten å krysse av for valkomitéen si innstilling, eller å velje rett tal kandidatar av dei som er innstilt av valkomitéen, eller vert foreslått på årsmøtet.
   Val av medlemmer til lokallagsstyret skjer i samsvar med kvoteringsbestemmingane i vedtektene § 15.1.: *Det skal takast sikte på ein kvinnedel på minst 50 % i alle valde organisasjonsledd, og § 15.2: Lokallagsstyret skal setjast saman med ein rimeleg representasjon frå dei ulike medlemsgruppene og ha minst ein leiarrepresentant.*
4. Val av varamedlemmer til lokallagsstyret. Det vert valt 3varamedlemmer i prioritert rekkjefølge. Desse vert fritt valt etter same valreglar som i punkt 1.
5. Val av valkomité. Lokallagsstyret fremmar forslag på 5 medlemmer og 3 varamedlemmer til ny valkomité for årsmøteperioden. Valkomitéen vert

vald på same måte som andre medlemmer til lokallagsstyret og varamedlemmer til lokallagsstyret, punkt 4 og 5 ovanfor. Valkomitéen si samansetjing og ansvar er heimla i vedtektene § 64. pkt. 4 ovanfor. Varadelegatar vert valde på same måte som varamedlemmer av lokallagsstyret, jf. pkt. 5 ovanfor.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Valreglementet vert godkjent.

Vedtak: Valreglementet vart godkjent.

1.8 Val av møtefunksjonærar

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Heidi Sille Stenhaug og Elisabeth Bygstad vert valde som teljekorps.

Vedtak: Årsmøtet valde Heidi Sille Stenhaug og Elisabeth Bygstad som teljekorps.

Sak 2 Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret.

2.1 Årsmelding

Årsmeldinga er sendt som eige vedlegg til årsmøtepapira.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Årsmeldinga for Utdanningsforbundet Alver vert godkjend.

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjend.

2.2 Rekneskap 2024

Sjå vedlegg

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Rekneskap for 2024 vert godkjend.

Vedtak: Rekneskapen var teken til orientering.

Utdanningsforbundet

Sak 3 Retningslinjer for arbeidet i Utdanningsforbundet Alver for komande årsmøteperiode

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Retningslinene for årsmøteperioden vert vedtekne.

Vedtak: Retningslinene vart vedtekne.

Sak 4 Budsjett

Sjå vedlegg

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Budsjettet vert godkjend.

Vedtak: Budsjettet vart godkjend.

Sak 5 Innmelde saker.

Lokallagsstyret har ikkje motteke saker frå medlemmane.

Sak 6 Val

Inneverande år har styret hatt denne samansetjinga:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Leiarverv					
Astrid Rongevær	Vestbygd skule	grs	k	Leiar	2023-2025
Heidi Sille Stenhaug	Knarvik vidaregåande skule	vgs	k	Nestleiar	2024-2026
Styremedlemmar					
Jarle Næss	Lindås u-skule	grs	m	HTV	2023-2025
Anita Helland	Sæbø barnehage	bhg	k	HTV/ styremedlem	2023-2025
Linda Granberg Nilsen	Grasdal skule	grs	k	styremedlem	2024-2026
Sølvi Anita Martinsen	Leiketun barnehage	bhg	k	styremedlem	2023-2025

Gro Håland	Bø barnehage	bhg	k	Styremedlem/ leiar	2024-2026
Beate Rørdal	Lindås b-skule	grs	k	styremedlem	2024-2026
Oddvar Gald	Seim skule	grs	m	Styremedlem/ kasserar	2023-2025
Vara styremedlemmar					
Kristin Smith	Prestmarka bhg	bhg	k	1.vara	2024-2025
Miriam Gundersen	Prestmarka bhg	bhg	k	2.vara	2024-2026
Roy Thomassen	Alver PPT	fas	m	3.vara	2023-2025

Valkomiteens innstilling til nytt styre:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Leiarverv					
Astrid Rongevær	Vestbygd skule	grs	Kvinne	Leiar	01.08.25-31.07.27
Heidi Sille Stenhaug	Knarvik vgs	vgo	Kvinne	Nestleiar	01.08.24-31.07.26
Styremedlemmar					
Torgeir Arne Lid	Seim skule	grs	Mann	HTV	*01.08.25-31.07.27*
Oddvar Gald	Seim skule	grs	Mann	styremedlem	01.08.25-31.07.27
Sølvi Anita Martinsen	Leiketun bhg	bhg	Kvinne	styremedlem	01.08.25-31,07.27
Anita Ramsdal Helland	Sæbø bhg	bhg	Kvinne	styremedlem	01.08.25-31.07.27
Beate Rørdal	Lindås barneskule	Leiarmedl. grs	Kvinne	styremedlem	01.08.24-31.07.26
Linda G. Nilsen	Grasdal skule	grs	Kvinne	styremedlem	01.08.24-31.07.26
Gro Håland	Bø bhg	bhg	Kvinne	styremedlem	01.08.24-31.07.26
Vara styremedlemmar					
Roy Thomassen	Alver PPT	FAS	Mann	1.vara	01.08.25-31.07.27
Miriam S. Gundersen	Prestmarka bhg	bhg	Kvinne	2.vara	01.08.24-31.07.26
Lea Hiis Bergh	Meland U	grs	Kvinne	3.vara	01.08.25-31.07.27

6.1 Val av lokallagsleiar

Valkomiteens innstilling til vedtak:

Astrid Rongevær, Vestbygd skule, medlemsgruppe grunnskule, vert vald som lokallagsleiar for perioden 01.08.25-31.07.27.

Vedtak: Astrid Rongevær vart vald som lokallagsleiar for perioden 01.08.25-31.07.27.

6.2 Val av nestleiar

Ikkje aktuelt for årsmøte mars 2025

6.3 Val av hovudtillitsvald som styremedlem

Valkomiteens innstilling til vedtak:

Torgeir Arne Lid, Seim skule, medlemsgruppe grunnskule/leiarmedlem vert vald som styremedlem for perioden 01.08.25-31.07.27 i kraft av sitt verv som hovudtillitsvald.

NB! Val av hovudtillitsvalde er teke ut av årsmøtets oppgåver. Val av hovudtillitsvald(e) vert organisert i eige val i forkant av val på årsmøtet. Etter vedtektene §§16.5 og 61.2 skal ein hovudtillitsvald veljast inn som styremedlem.
Eigen protokoll frå dette møtet vert utsendt.

6.4 Val av andre styremedlemmar

Valkomiteens innstilling til vedtak:
Anita Ramsdal Helland, Sæbø bhg, medlemsgruppe bhg, vert vald som styremedlem for perioden 01.08.25-31.07.27
Sølvi Anita Martinsen, Leiketun bhg, medlemsgruppe bhg, vert vald som styremedlem for perioden 01.08.25-31.07.27
Oddvar Gald, Seim skule, medlemsgruppe grs, vert vald som styremedlem for perioden 01.08.25-31.07.27

Vedtak: Styremedlemmane som nemnt over vart valde av årsmøtet.

6.5 Val av varamedlemmar til lokallagsstyret

6.5.1 Val av 1. vara

Valkomiteens innstilling til vedtak:
Roy Thomassen, Alver PPT, medlemsgruppe FAS, vert vald som 1. vara til lokallagsstyret for perioden 01.08.25-31.07.27

Vedtak: Roy Thomassen vart vald som 1.vara til lokallagsstyret.

6.5.2 Val av 2. vara

Ikkje aktuelt for årsmøte mars 2025

6.5.3 Val av 3. vara

Valkomiteens innstilling til vedtak:
Lea Hiis Berg, Meland ungdomsskule, medlemsgruppe grs, vert vald som 3. vara til lokallagsstyret for perioden 01.08.25-31.07.27

Vedtak: Lea Hiis Berg vart vald som 3. vara til lokallagsstyret.

6.6 Val av valkomité

Valkomitéen har bestått av:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Vibecke Samuelsen	Alversund skule	grs	k	leiar	
Anne Julie Hetland	Lindås u-skule	grs	k	medlem	
Sølvi Merete Mangerøy	Radøy u-skule	grs	k	medlem	
Marianne Ynnesdal	Lindås b-skule	grs	k	medlem	
Vara til Valkomiteen					
Jarle Pedersen	Haugen bhg	bhg	m	1.vara	
Grethe Midtgård Haaland	Knarvik b-skule	grs	k	2.vara	
Silje Strøm	Leiknes FUS bhg	bhg	k	3.vara	

I årsmøteperioden har Marianne Ynnesdal fått fritak frå valnemnda. 1. vara Jarle Pedersen har flytta til eit anna lokallag. Grethe Midtgård Haaland har difor rykt opp som medlem i valnemnda.

Lokallagsstyret si innstilling til valkomite for årsmøteperioden 2025-2027:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Vibecke Samuelsen	Vestbygd skule	grs	k	medlem	2025-2027
Anne Julie Hetland	Lindås ungdomsskule	grs	k	medlem	2025-2027
Rut Alise Kongevold	Manger skule	grs	k	medlem	2025-2027
Cecilie Hopland	Marihøna barnehage	bhg	k	medlem	2025-2027
Vara til Valkomiteen					
Grethe M. Haaland	Knarvik barneskule			1.vara	2025-2027
Silje Strøm	FUS Leiknes barnehage			2.vara	2025-2027
Sissel Agasøster	Meland ungdomsskule			3.vara	2025-2027

6.6.1 Val av valkomité

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak
Vibecke Samuelsen, Vestbygd skule, grs, vert vald til valkomitéen i lokallaget for perioden.
Anne Julie Hetland, Lindås U, grs, vert vald til valkomitéen i lokallaget for perioden.
Rut Alise Kongevold, Manger skule, grs, vert vald til valkomitéen i lokallaget for perioden.
Cecilie Hopland, Marihøna bhg, bhg, vert vald til valkomitèen i lokallaget for perioden.

Vedtak: Årsmøtet slutta seg til lokallagsstyret si innstilling.

6.6.2 Val av 1. vara til valkomitéen

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Grethe Midtgård Haaland, Knarvik B, grs, vert vald som 1. vara til valkomitéen i lokallaget for perioden.

Vedtak: Grethe Midtgård Haaland vart vald som 1.vara i valkomitèen.

6.6.3 Val av 2. vara til valkomitéen

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Silje Strøm, Leiknes FUS bhg, vert vald som 2. vara til valkomitéen i lokallaget for perioden.

Vedtak: Silje Strøm vart vald som 2. vara i valkomitèen.

6.6.2 Val av 3. vara til valkomitéen

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Sissel Agasøster, Meland U, grs, vert vald som 3. vara til valkomitéen i lokallaget for perioden.

Vedtak: Sissel Agasøster vart vald som 3.vara i valkomitèen.

Avslutning

Avslutning ved lokallagsleiar

Alver 26.03.2025

Referentar:
Linda Granberg Nilsen og Beate Rørdal